



KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

25. Årg.

Januar 1971

Nr. 1

Indre frihet

«Får da Sønnen frigjort dere, blir dere virkelig fri». Dette ordet har jeg hørt mange talt over. Særlig 17. mai har det vært en yndet tekst. Men oftest hadde jeg følelsen av at de bare såvidt hadde forklart ordet. Jeg satt med en aning at her var dybder. Om Jesus blev det engang sagt i en radio-preken: — Han søkte ikke sitt eget, jaget ikke etter penger, krøp ikke for dem som hadde makt, trakket ikke på de små og veikke.

Han var så herlig fri i sin personlighet. Bare i ett var han bundet: Fars vilje. Det var hans mat. Det var vel nettopp det bandet, det ene nødvendige som gjorde ham fri i alt annet.

Den indre frihet er ikke avhengig av den ytre. Det ser vi tydelig da Jesus stod foran Pilatus. Så kongelig fri i motsetning til sin feige dommer.

Paulus eidde noget av den samme frihet fordi Kristus hadde grepet ham. Han var Kristi træll, vitner han selv. Allikevel var han friere som fange

enn landshøvdingene som skulde dømme ham. Fri og bundet — samme sak. Felix hadde myndighet til å dømme Paulus. Disverre var han ikke upartisk i saken. Han vilde gjerne stå på god fot med anklagerne. Dermed overlot han saken til sin eftermann Festus. Men også han lefliet med jødene. Ingen av dem klarte å være rettferdig i sin behandling av Paulus sin sak. De var bundet.

— Du skal ikke ta imot gaver, for gaven gjør seende blinde og forvandler rettferdiges sak. 2. Mosebok 23,8 Menneskegunst har samme farlige virkning. Gud er meget nøye i dette med rettferdig dom.

Hvad så med oss som lever idag? Det er i samfunnet og vandringen med Herren vi blir frigjort. Stadig er der nye ting som vil binde hjertet på ny, og som vi må løses fra av ham som sa: «Lær av mig, for jeg er ydmyk og sagtmodig av hjertet, så skal dere finne hvile for eders sjeler.»

Johanne B. Helle.

Sjuka- og gamleheimen på Vaksdal

Eit ståande samtaleemne mellom alle interesserte er kva tid sjuka- og gamleheimen på Vaksdal vert bygt. Stønadslaget på Vaksdal har skapt blåster kring saka med sine tilstellingar til inntekt for den nye heimen. På kort tid har laget fått inn over 12.000 kroner. Andre stader i prestegjeldet har dei snakkast om å få til liknande lag for å visa kor viktig denne saka er, og samstundes skunda på ein snarleg løysing og bygging.

Kyrkjebladet har hatt ein samtale med ordførar *Prestegaard* og spurt etter kor langt ein er komen med planane. Det arbeidest med saka, kunne ordføraren opplysa. — Sjuke og gamleheimen på Vaksdal vil koma så snart som ein klarer å få finansiering, grunnsprøsmål og prosjektet fastlagt. Gamleheimsaka har første prioritet i kommunen. På siste budsjettmøte vart viktige ting strokne til bate for reising av sjuka- og gamleheim.

Kyrkjebladet har også hatt ein samtale med formannen i byggjenemnda for sjuka og gamleheim på Vaksdal, Trygve *Urhaug*. Nemnda har av Vaksdal formannskap vorte pålagt å greia ut for kommunestyret byggjemåten av ein ny heim, og kva Dale Gamleheim skal nyttast til. — Det er ymse ting som enno ikkje er klår- lagde, fortel *Urhaug*. Spørsmål som melder seg er om ein skal byggja i eitt eller to byggjesteg. Så snart ymse ting er i orden, vil det verta køyrd på for fullt. Finansieringsplanen er nok så klår. Nemnda har hatt kontakt

m.a. med Kommunalbanken og andre lånekassar. Ein reknar med at sjuka- og gamleheimen kjem på omlag 5 millionar kroner. Av dette tek kommunen sjølv 1 million. Arkitektar for bygget er Borgen og Molden, Bergen. *Urhaug* reknar med at arbeidet i marka med sjuka- og gamleheimen på Maritvoll i Vaksdal må koma i gang i 1971.

Dette høyrdest lovande ut og er god julehelsing til dei mange som ventar på å få plass i sjuka og gamleheimen på Maritvoll.

I tid og utid

Det er somme som trur at det står i Bibelen at me skal tala i tid og utid. Men som kjent står det at me skal vera reide i tid og utid. Det tyder like mykje å kunna teia som å tala.

Norske kristne må læra å seia nei på dei rette stader. Der er ting som kvar av oss skal gjera, men der er også ting som me skal lata vera. Guds ord kan ikkje virka i eit menneske som aldri tek seg tid til å vera still.

Dei gamle kristne hadde eit uttrykk som dei kalla «å betrakte ordet.» For di det har minka av med å skoda på Ordet, har det vorte så mykje overflatekristendom mellom oss.

Einar Lundby.

Flaumlyset på Dale kyrkja

Julafta vart flaumlyset sett på Dale kyrkje. Det sette ein særleg glans over julehelga. Dale kyrkjeforening har med utluting av vakre sofaputer maktet å bera utlegget med flaumlyset. Kyrkjebladet gjer seg til talsmann for folket på Dale og kjem med ei takk til kyrkjeforeningen for gáva.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar: Gudmund Skiftun, Dalekvam.
Faste medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.

Kasserar: Sveinung Sandal, 5290 Stamnes-
hella, tlf. Stamneshella nr. 32.

Postgiro. 723 47. Bankgiro 103385/123.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri tlf. 8 Norheimsund

Ekte glede

For nokre dagar sidan kom eg til å lesa i ein viss samanheng desse tre orda: den fulle gleden. Ja, kven vil ikkje gjerne eiga den. For meg vart desse orda til eit spørsmål: Kva er så den fulle gleden? Det er mangt å gleden seg over, og mangt som skaper stemning for ei stund, ikkje alt er like bra.

I julehelga skulle vel alle vera glade, leggja frå seg og gløyma brysame ting som valdar vanskar og gjer vondt — både misgjort og ugjort og anna synd. Det var då slik bodskapen lydte frå himmelen om ei stor glede som skal timast alt folket. Men no etterpå kan me spørja oss sjølve om det verkeleg var julebodskapen, om at ein Frelsar er oss gjeven, som var grunntonen i vår juleglede.

Josef fekk bod om at han skulle kalla barnet Jesus, for han skal frelsa folket sitt frå syndene deira. Matt. 1,21.

Ein frelsar treng dei som er i naud. Helle Jesu liv og gjerning frå krubbe til krossen var løysesumen for verda si synd. Difor kan kvart menneske verta frelst frå det vonde, — og likevel så vanskeleg. «For tvilen og von-
løysa trengjer seg inn og legg seg så tungt over tankar og sinn». Det vert ei byrde av tvil og mismod og van-

makt og møde og misgjerd og sjølvvalde sår. Ja, «alle har synder og blødande sår om ingen det går.» Det er tungt å bera på utilgjevne synder og otte for det som skal koma. Kor kan ein då vera glad?

«Jesus kom med dine summer og min gjeld for meg betal.» Det er frelse for alle som sannar syndene sine og vender om frå sitt fråfall. «Han skal frelsa sitt folk frå syndene deira.» «Tilgjevne er syndene dine» — det er den fulle gleden. Då vert det ikkje overflatestemning ei kveldstund. «Sæle er dei som har si misgjerd forlaten og syndene overbreidde.» «Kast kun anker, her er grunn. Det er godt på Gud å bygge. Korset er en overgang. Gleden bliver evig lang.»

Godt nyttår.

Magne Helsjedal.

Også me andre som steller med kyrkjebladet sluttar oss til Magne Hesjedal sine gode ord og ynskjer godt nyttår til alle som les bladet.

Diverre kom ein del av stoffet til julenummeret vårt ikkje med på grunn av skort på rom. Samtalen vår med ordførar *Prestegaard* og Trygve *Urhaug* var tenkt som god julelesnad. Det har no kome nye ting med i opplegget av sjuka- og gamleheimen. Men arbeidet for den nye heimen på Maritvoll i Vaksdal går sin gang og krone- rullinga i «Bruvik» likeins.

For di om ein har eit hjarta i barmen, fylgjer ikkje at ein har pengar i lomma. Gløym ikkje når du tenkjer på Gud, at han har ikkje det ringaste vet på pengar.

Kierkegaard.

Vaksdal lærarlag 75 år

Vaksdal lærarlag har høgtida 75 år med fest under leiding av formannen i lærarlaget, Randolph Rønhovde. Mange tidlegare lærarar i Vaksdal kommune var med på festen, og det var helsingar frå pensjonerte lærarar som bur lenger vekke. Kyrkjebladet helsar lærarlaget til lukke og ynskjer alt godt for laget og for det oppsødingsarbeidet som er lagt på lærarane. Den kjende treklangen heim, skule og kyrkje har halde seg godt oppe i lærarlaget, og me vonar den vil gjera det også i framtida.

Fagertun leirplass

Fagertun leirplass er enno eit ukjent namn for mange, men me vonar at det skal verta godt kjent av dei aller fleste i tida framover.

Det er den nedlagde skulen i Fagerdal i Eksingedalen, som skal verta leirplass. Bygdefolket har overteke skulen og har leigt huset bort til Norges Samemisjon mot vedlikehald og stell. For å få huset i brukbar stand er det mange ting som må ordnast. Me har teke fatt og er komne eit godt stykke på veg. Me har såleis lagt ned ny vassleidning, delt av klasseroma og laga 30 kjøplasser, ominnreida kjøke- net med ny oppvaskbenk, fått ny elektrisk installasjon med elektriske omnar på alle rom og stor ny varmtvannberedar.

Alt slikt kostar pengar. Eg vil difor oppmoda alle som har syn for kristent ungdomsarbeid om ei gåve. Gåva som du vil gjeva til dette viktige ungdomsarbeidet, kan du senda på Bankgiro

nr. 8401.20.18672, Norges Samemisjon, Strandgt. 1, Bergen. Skriv på gåva at det skal gå til Leirstad i Eksingedalen. Samemisjonen sitt postgironummer er 703 74, Bergen. Gåva di kan du og senda til underskrivne. Eg takkar for gåva og oppmodar til forbøn for dette arbeidet, og helsar med Matt. 9,37-38.

Odd Alvheim,
5273 Stanghelle.

Stress

Den kjende lækjaren Einar Lundby har fylt 75 år. I det høvet har «Vårt Land» hatt ein samtale med han. Dr. Lundby har i 15 år drive kvileheimen «Solborg».

Av dei spørsmål som dr. Lundby fekk under intervjuet var også spørsmålet om kva som fører til stress.

— Når me ikkje oppnår den fulle harmoni mellom det me gjer og det me ynskjer å gjera, får me stress. Me må med andre ord ikkje gapa over meir enn me er etla til og akta oss vel for jåleskap. Slik last kan diverre også syna seg i kristen regi. Mang ei sut har si rot i æresykje. Eg vil gjerne understreka at eg her ikkje talar om dei som er inne i ein verkeleg depresjon. Dei kan ikkje styra tankane sine og bør etter mi meining takast ut av sitt vanlege arbeid i minst tre veker for å sjå stoda i perspektiv.

Eidsland Samvirkeleg

EIDSLANDET

Filial: Lavik

«Det kjem ovanfrå»

Petter var namnet hans, og det er lenge no sidan han levde. Som barn miste han både mor si og far sin, og han hadde ei nokså gledelaus oppveksttid. Men han hadde den skilken at når han fekk noko, sa han alltid: «Det kjem ovanfrå.»

Men korleis hadde han vent seg til denne talemåten? Jau, då far hans låg for døden, hadde faren sagt til guten: «Gløym aldri at alt kjem ovanfrå. Far i himmelen vil hjelpa deg.»

For ikkje å gløyma kva far hans hadde sagt tok Petter oppatt og oppatt for seg sjølv dei kjære orda: «Det kjem ovanfrå.» Det vart gjennom heile livet eit minne om ein god far, og etter kvart lærde han også å skjønna noko av det som låg i orda.

Ein stormfull oktoberdag hende det at ei stormflage reiv laus ein takstein som ramla vidare ned i gata. Steinen traff Petter, og Petter vart liggjande. Det kom straks folk til for å taka seg av den unge guten. Då Petter rådde med seg, sa han berre: «Det kjem ovanfrå.»

Petter fekk seg godt arbeid hjå ein kjøpmann, men ein gong var han så uheldig i arbeidet at han vart oppsagd på dagen. Då Petter tok farvel, sa han berre desse orda: «Det kjem ovanfrå.»

Petter søkte deretter arbeid hjå ein annan kjøpmann og vart tilsett i jobben. Då kjøpmannen hadde godteke han i arbeidet, sa Petter: «Det kjem ovanfrå.»

Heile livet igjennom heldt Petter fast på dei gode orda som far hans

hadde lagt han på sinne. Då han låg på det siste, tok han orda oppatt og la til: Gud har vore og er god imot meg.

Ved G. S.

Sju gonger om dagen

Forfattaren av Salme 119 må ha vore ein ung mann som lika å studera den heilage skrift. Av versa 99 og 100 skjønar me at han ikkje kan ha vore så gamal. «Eg har vorte klokare enn alle mine lærarar, for eg grundar på dine vitnemål. Eg er vetugare enn dei gamle, for eg har teke vare på dine føresegner.»

Gjennom heile salma går som ein raudt tråd den røynsla han har gjort om kor verdifull Bibelen er for han, og om kor stor makt Bibelen har til å forma menneskekaraktaren.

Vers 9: «Korleis skal ein ungdom halda stigen sin rein? Når han held seg etter ditt ord.»

Vers 18: «Lat opp augo mine, så eg kan skoda dei underfulle ting i di lov.»

Kor ofte og når skal eg lesa i Bibelen? Den unge forfattaren har eit program om dette i vers 62: «Midt på natta står eg opp og vil takka deg for dine rettferds-lover.» Vers 97: «Kor eg har love di kjær. Heile dagen er ho i tankane mine.» Vers 147: «Tidleg i dawninga var eg oppe og ropa om hjelp. Eg venta på dine ord.» Vers 164: «Sju gonger om dagen har eg prisa deg for dine rettferdige lover.» Vers 105: «Ditt ord er ei lykt for min fot og eit lys for min stig.»

P. O. M.

Nu vil jeg synge om Jesus

Tone: Jesus den enerte, helligste, reneste.
 Nu vil jeg synge om Jesus som bad mig komme.
 Da jeg hørte hans vennlige røst,
 aldri jeg glemme kan. Da jeg i mørket fann,
 lyset og frelse og fred i mitt sinn.

Jeg var en synder stor. Men Jesus, kjære bror,
 du er den eneste trofaste venn.
 Å du var god mot meg, du sier aldri nei,
 Takk for du frelste meg, slik som jeg var.

Hjelp Jesus hvor jeg er, at du er alltid nær,
 Så jeg bestandig får følge med dig.
 Når du er med ombord, og holder ratt og ror,
 Styrer du båten i tryggeste havn.

Adolf Jensen.

Konfirmantfest i Stamnes

Ein ven haustdag 1920 var me ein liten flokk på 14 stykke som stod til konfirmasjon i Stamnes kyrkje. Av alt det som vart sagt oss er nok det meste gått i gløyme. Bare dette eine ordet lever att i minnet mitt. Det var det siste ordet presten gav oss frå kordøra. Dette ordet som var frå Fil. 1,6 tala mykje til meg dei fyrste åra. Også i dag står det som ein lovnad over mitt kristenliv.

Den 21. november 1970, 50 år seinare, var me bedne inn til konfirmantfesten i Stamnes bedehus. Nokre av oss 14 var då samla og fekk helsa på kvarandre. To av flokken er flytte høgare opp. Somme er flytte ut og hadde ikkje høve til å koma.

Det vart ein festleg kveld. Konfirmantane møtte alle, og res. kap. Bjørsvik med frue var med. Han tala til

oss og fortalde gripande frå misjonsmarka.

Dei unge hadde stelt så fint til, og me fekk ein fin prolog ved Ragnar Trohjell, og duettsong av to systre — Solfrid og Oddny. Særleg gripande var det å høyra lærar Sveinung Sandal fortelja frå si konfirmasjonstid. Han stod då på valet og valde livet.

Me takkar I.U.F. for at me vart bedne inn. Me vil alle minnast denne feststunda. Også over ditt liv, du som er ung lyser orda frå Fil. 1,6 Til deg som nyleg var konfirmant vil eg seia: Vel Jesus, og vel Han for heile livet.

G. K.

Han ville prøva Gud

Den kjende svenske predikant Carl Olof Rosenius har fortalt at han som barn kom i tvil om det fanst nokon Gud. Så sette han seg det i hovudet at han ville stilla Gud på ein prøve. Han ville gjera eit eksperiment. Han knytte eit plagg for augo og sa: «Kjære Gud, om du finst, så lat meg gå rett på låvebrua sjølv om eg ikkje ser henne». Så tok han i veg, men då han hadde gått ei stund, var det som ein-kven ville stansa han. «Kjære Gud, hjelp med å koma rett på låvebrua.» bad han. Men nei. Han var ikkje i stand til å gå eit skritt lenger. Då tok han plagget vekk frå augo. Eit skritt til — og han hadde fare beint ned i den opne brunnen. No skjønna Carl Olof at Gud hadde berga han frå å drukna i brunnen — Guds finger. «Eg vil læra deg og visa deg den vegen du skal gå. Eg vil gjeve deg råd med mitt auga på deg.» Salme 32,8.

G. S.

Å Jesus, ditt navn —

Å Jesus, ditt navn er det største i verden,
 ditt navn er min tilflukt og glede på ferden.
 I det kan jeg trøstlig meg faderen nærme,
 i det være trygg at ditt navn skal meg skjærme.

Ditt navn er den klippe hvorhen jeg kan ile
 når fristeren sender mot meg sine pile.
 Da har jeg i Jesu navn fred og fortrøstning,
 da hviler jeg trygg i den himmelske festning.

Når angst og mismodig jeg ofte kan være,
 da lyder en stemme så kjærlig, så nære;
 mitt barn vær frimodig, deg Jesus vil bære
 til himmelen's hjem hvor du evig får være.

Å Jesus, ditt navn er mitt dyreste eie,
 i sorg og i glede det skal meg omhegne.
 Jeg priser deg Jesus for frelse og nåde,
 ditt navn skal meg styrke og hjelpe og råde.
 Dagmar Jamne.

Bladpengane strøymer inn

Godt nytt år og takk for hjelp og samarbeid i året som gjekk!

Pengane strøymer inn til bladet vårt.

Margit Kvamme	kr. 40,—
Per Årslund	» 970,—
Lilly Kulshamar	» 150,—
Borgh. Smååbrekke	» 150,—
Sønnøva Hesjedal	» 140,—
Arthur Jakobsen	» 105,—
Lars Ragnvaldsen	» 300,—
Bjarne Taule	» 150,—
Astrid Vik	» 40,—
v/ kasseraren	» 80,—
v/ soknepresten	» 35,—

Stamneshella, 4. januar 1971

Med helsing
 Sveinung Sandal,
 kasserar

DALE BILSERVICE
 Johannes A. Lid & Co
 Tlf. 2193 — Dalekvam

A. L. VATLE
 DALE
 Kjøtt, pølser og påleggsvarer
 Frukt og grønnsaker

GUDSTENESTER

4. søndag e. Kristi openb. (24. januar):

Bergsdalen kapell: Sokneprest. Skiftun.
 Eksingedalen kyrkje: Res. kap. Bjørsvik.
 Nattverd.

Søndag septuagesima (7. februar):

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til
 Bjørgvin bispedømeråd.

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til
 Santalmisjonen.

Søndag seksagesima (14. februar):

Stamnes kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.
 Nesheim kyrkje: Sokneprest. Skiftun. Nattverd.

Fastelavens søndag (21. februar):

Dale kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Nattverd.
 Vaksdal kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd.

1. søndag i faste (28. februar):

Stamnes kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til
 Bjørgvin bispedømeråd.

Eidsland kapell: Res. kap. Bjørsvik. Offer til
 Menighetsfakultetet.

Onsdag, 3. mars:

Vaksdal kyrkje kl. 18.00: Fastegudsteneste
 ved res. kap. Bjørsvik.

Stanghelle skule kl. 19.30: Fastemøte ved sokneprest Skiftun.

2. søndag i faste (7. mars):

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til
 Isralemisjonen.

Vaksdal kyrkje: Res. kap. Bjørsvik. Offer til
 Menighetsfakultetet.

kl. 19.00

2

**Ekspedisjonstider ved
våre kontor:**

DALE, Tlf. 2421 Frå Til
Måndag t.o.m.
torsdag 8.30 15.00
Fredag 10.00 17.30

VAKSDAL, Tlf. 3605

Tysdag 9.30 16.00
Torsdag 9.30 13.00
Fredag 9.30 17.30

STAMNES, Tlf. 3 a

Laurdag 9.00 12.00

Bruvik Sparebank

5280 DALEKVAM, Tlf. 2421

**Stamnes Handelslag
STAMNESHELLA**

**Dale Handelsforening
Dalekvam**



Dale Servicestasjon
AGNAR VATLE
Tlf. 2189 - 2431 -
Dalekvam

Bensin - Dekk - Rekvisita

RADIOSPECIALEN ^{A/S}

Tlf. 2240 DALKEVAM

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

BØKER — PAPIR — BIBLAR
SALMEBØKER - SANGBØKER

EIDE & PETERSEN ^{A/S}

Tfn. 2258 DALEKVAM

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Tlf. 2323 DALEKVAM

Stanghelle Handel

STANGHELLE

**Vaksdal koop. Handelslag
VAKSDAL**

Telefon ; Kontor og manufaktur 3712, snarkjøp 3710, kjøtavd. 3711
filial 3713

Kjøp i Dykkar eigen forretning